



Bratt og Blåttprisen

Gi oss eit lite øyeblikk, Marie! Vi skal berre snakke litt.

Og snakke det kan vi. Vi i styret he snakka i munnen på kvarandre heile vinteren. Styret i Trandalblues si organisering bør utgreiast av organisasjonspsykologar. Eg meiner at det her ligge stoff til ei doktorgrad nettopp i emnet organisasjonspsykologi. Emnet vert då om «korleis kan det dysfunksjonelle fungere?» For det gjer det. Og vi snakkar i munnen på kvarandre og vi har det bra.

Dette er eit sidesprang, og kanskje ikkje. For kva helde vi på med – jau - det er djupt engasjemang, kulturformidling, det er interesse, det er fortid og det er framtid. I ein salige saus. Utan snakk. Og det handlar også verkeleg om ei framtid! Blues er tradisjonsmusikk. Blues var for lenge sidan og blues er her og no.

Chuck Berry var ein vis mann. Klokare enn dei fleste. Og hans tekstar og dei manifesta han gav er grunnleggande for at vi e her vi e. «Hail hail rock and roll, The feeling is there, body and soul. Vi veit at feeling and soul kjem frå the blues, og at Chuck bygde alle sine skildringar om dette som handlar om sjela vår.

Det er ikkje så langt som vi trur frå hardingfela til ein gode gitar, gjerne ein stratocaster. - frå blues til rock and roll. Eg skal ikkje ta det vidare her, men tradisjon og utvikling er heilt avhenging av at det kjem nye kostar til, at det vi helde på med vert løfta opp til nye generasjonar. Det har vore snakka om at dette e ei døyande grein av kulturtreet. Dei vise skrive om den såkalla nye tida og om alt som skal kome og om det som var.

Vi meiner at det veks, vi meiner at det gror. Brattogblåttprisen har vi tidlegare gitt både til fortid, entusiasme og til formidling. I dag vil vi gje denne til framtid og ei formidling av denne sjangeren som ikkje liknar noke anna. Når såg vi sist ein av norges beste bluesgitarista under tjuefem år? Når va det sist ei likandes jente frå Bergen? Marie Kristin – årets brattogblåttpris går til deg! Haldt fram slik du helde på!